



**Etter 4 år har Systrene Nilsen beslutta å avslutte restaurantdrifta for Systrene Nilsen AS og satsa på utleige av eigedomen frå årskiftet. Dette går fram av ei pressemelding som var sendt ut i går av Frøydis Nilsen Mathisen og Gunhild Nilsen Hillestad. Pressemeldinga har denne ordlyden:**

'Systrene Nilsen overtok det tidlegare slaktehuset på Sandakaien våren 2011. Etter 4 år med sesongdrift har dei beslutta å avslutte restaurantdrifta for Systrene Nilsen AS.

Systrene Nilsen har stor tru på at eigedomen har eit potensiale for rette vedkommende. Dei ynskjer at bygget skal kunne samle ei eller fleire bedrifter til å tenkje nytt ikring alternative driftsformer, eventuelt ei større satsing på heilårleg restaurantdrift.

Med relativt enkle grep kan huset på 500 kvadratmeter også bli nytta til annan type virksomhet som til dømes salslokale, kontorlokale, kurslokale, frisørsalong eller liknande'

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen  
Foto: Systrene Nilsen



4 generasjonar opna Systrene Nilsen i 2011 (Foto: Ola Matti Mathisen)